

Rusa mann til sjenanse

I helga fekk politiet fleire meldingar om ein rusa mann som var til sjenanse i Husnes sentrum.

– Dette er ein kjenning av politiet. Vi tok hand om han fredag kveld. Vi fekk ei til melding om same mannen, men den rykkte vi ikkje ut på, fortel politibetjent Torgeir Fosse.

Utagerete på apoteket

I går fekk politiet melding frå Vitus Apotek på Husnes om at ein person hadde vore utagerande, vore trugande og gjort skadeverk på apoteket.

– Politiet tok hand om gjerningsmannen, og tilviste han vidare til helsevesenet. Apoteket har halde stengt fleire timar i dag. Politiet opprettar sak mot mannen, fortel politibetjent Torgeir Fosse.

Aggressiv mot bussjåfør

Ein bussjåfør vart utsett for ein aggressiv person på ferja mellom Gjermundshamn og Årsnes kring klokka 12 på dagen i går.

– Politiet tok hand om personen, og framstilte han for helsevesenet. Politiet opprettar i tillegg sak mot personen, fortel politibetjent Torgeir Fosse.

Opnar smådyrklinikk til hausten

Til hausten får Kvinnherad sin eigen smådyrklinikk. Klinikken får topp utstyr, med røntgen, ultalydapparat, gassanestesi og internt laboratorium.

Veterinær Christian Mæland og kona byggjer no hus på hennar heimstad Løfallstrand, og klinikken skal lagast til i 1.etasjen i huset.

– For tida er det mykje som ikkje er ferdig, men vi håpar å vera klare til 1.september. Klinikken skal få det meste av utstyr, og kjem til å tilby dei fleste tenester som ein gjer på

moderne smådyrklar, lovar Mæland som meiner Kvinnherad er stort nok til å gje kundegrnlag til den nye klinikken.

For tida bur veterinæren på Strømmen, men arbeider i Lillestrøm. Der får han ofte tilvist pasientar frå naboklinikkar, fordi klinikken han arbeider på har spesiell kompetanse på smådyr; altså alt frå hundar og nedover til mindre dyr.

Mari Mehl
mari@grenda.no

Internasjonalt klimasamling i Rosendal



90 forskarar frå heile verda er samla på Rosendal Fjordhotel denne veka for blant anna å diskutera klimaendringar i polområda.

90 klimaforskarar, -observatørar og vèrmeldarar frå heile verda er samla på Rosendal Fjordhotel måndag til fredag denne veka for å prøva å få ei felles forståing av klimasystemet nær polområda.

Forskarane prøver å få til ein større diskusjon om kva dei gjer bra og ikkje, ved å sjå nærare på både klimaforskinga, vèrmeldingane og observasjonane dei ulike aktørane gjer.

– Vi er ikkje heilt sikre på om klimaendringane vi ser ved polane påverkar klimaet lenger vekke. No prøver vi å bli samde om kva vi må forska meir på for å bli sikrare. Viss vi klarar å samla oss om ei felles forståing, vil det også

bli enklare å få politikarar til å ta nødvendige grep, seier hovudinitiativtakar Thomas Spengler frå UiB.

– Felles forståing

Det er Universitetet i Bergen, saman med University of East Anglia og University of Colorado som har samla fagfolka i Rosendal. Ved å samla forskarane blir dei kjende, får snakka saman og formidla forskingsresultata til kvarandre.

– Det var logistikken med båt frå Flesland som gjorde Rosendal til ein attraktiv stad å halda workshopen. På ein liten stad vert det også enklare å halda gruppa samla. Målet er å få ei fundamental felles forståing av klimaendringar i polområda og korleis dei eventuelt påverkar livet lenger vekke, seier Spengler.

Forskar i polområda

Forskarane er opptekne av klimasystemet mellom både atmosfære, is og hav i polområda, og observatørane i polområda er også på plass for å skildra småskalaprosessar dei ser i dette systemet. I tillegg til å bli samde om forskingsmål og prøva å få ei felles forståing av klimaet, planlegg forskarane også ein feltstasjon for forskning i arktiske strom i 2017.

– Det er så dyrt å driva forskning i Arktis at vi er nøyde til å samarbeida internasjonalt om dette, seier Spengler.

Arrangementet i Rosendal markerer polforskningsåret, eller «The year of polar prediction», og i den fem dagar lange workshopen deltek aktørar frå nesten alle kontinenta.

– Ved å koma saman og diskutera vonar vi å redusera

det usikre og eventuelle feilkjelder i både vèrmeldingar og klimamodellar i framtida, heiter det i programmet for

arrangementet.

Mari Mehl
mari@grenda.no



Thomas Spengler frå UiB er ein av organisatorane til klimakonferansen i Rosendal. – Litt av grunnen til at vi valde Rosendal fjordhotel er at logistikken frå Flesland er så god, seier han.